



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams

Dato: 4. desember 2024

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 27. november 2024

Saksliste byvekstavtalen

- Sak 74/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 75/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 05.11.2024
- Sak 76/24 Innfartsparkering i byvekstområdet
- Sak 77/24 Oppfølging, budsjettforslag kollektiv
- Sak 78/24 Oppfølging, orientering om parkeringsplassar i Bergen sentrum
- Sak 79/24 Bruk av potten «Gangveier til kollektivtraseer»
- Sak 80/24 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 81/24 Overføring av tidlegare løvvde bompengar til 2025
- Sak 82/24 Oppfølging av sak om trafikk og inntekt
- Sak 83/24 Eventuelt, bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 74/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 75/24 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 05.11.2024

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 76/24 Innfartsparkering i byvekstområdet

Sjå vedlegg 2

Vestland fylkeskommune ser at det er trøng for å styrke samarbeid og informasjonsflyt i samband med innfartsparkering i Miljøloftet. I denne saka blir det fremja forslag om tiltak for å styrke samarbeidet med utgangspunkt i felles vedteken strategi.

Det blir vidare orientert om status ved innfartsparkeringane i byvekstområdet og om aktuelle saker.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det blir oppretta ei arbeidsgruppe som vist i saka.

Styringsgruppa tek orientering om status og aktuelle saker til orientering.

Sak 77/24 Oppfølging, budsjettforslag kollektiv

I styringsgruppemøte 5. november orienterte Vestland fylkeskommune om budsjett for kollektivtrafikk for 2025. Styringsgruppa ønskte då å vere orientert om budsjettprosessen vidare. Vestland fylkeskommune vil gi ei oppdatering om revidert budsjettforslag, lagt fram 6. november, og den vidare politiske behandlinga av det.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering, med eventuelle innspel i møtet.

Sak 78 /24 Oppfølging, orientering om parkeringsplassar i Bergen sentrum

I styringsgruppemøte 5. november hadde Bergen kommune ei orientering om etablering av parkeringsplassar og reduksjon i bisykkelordning. Styringsgruppa ba om ei oppfølging av orienteringa i neste styringsgruppemøte, med ein nærmare gjennomgang av parkeringsplassar i Bergen sentrum når det gjeld antal, omfang og type plassar. Bakgrunnen er å synleggjere eventuell verknad på nullvekstmålet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 79/24 Bruk av potten «Gangveier til kollektivtraseer»

Potten «Gangveier til kollektivtraseer» i handlingsprogram 2025-28 blir finansiert av Vestland fylkeskommune. Tiltaka blir prioritert og gjennomført av Bergen kommune, med basis i Bergen kommune sin handlingsplan for gange. Bergen kommune gjer i møtet greie for bruken av midlane i potten.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 80/24 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 81/24 Overføring av tidlegare løvvde bompengar til 2025

Sjå vedlegg 3

Denne saka er ei oppfølging av tidlegare saker i styringsgruppa, mellom anna frå møtet den 16.12.2022, der det vart fylgjande vedtak (utdrag):

Styringsgruppen slutter seg til at det blir benyttet bompenger til planlegging, prosjektering og grunnerverv for Bybanen BT5 til Åsane. Det kan benyttes inntil 102 mill. i 2023 og inntil 251 mill. i 2024.

Prognosene for bruk av bompengar til førebuande arbeid i 2024 er på 164 mill. kroner.

Ettersom bystyret i Bergen gjorde vedtak om arbeid med reguleringsplan for Bybanen BT5 tunnel sentrum – Sandviken 2. oktober 2024 er det framleis behov for ressursar hjå Bybanen utbygging som kan bistå inn i planarbeidet. Det er også behov for midlar til planlegging, prosjektering og grunnerverv.

Vestland fylkeskommune ber difor om at dei 87 mill. i mindreforbruk i 2024 kan overførast til 2025, saman med tidlegare løvvde bompengar frå 2022 og 2023, totalt 98 mill. kroner.

Fylkeskommunen vil saman med Bergen kommune snarast mogleg legga fram ei sak om det samla bompengebehovet dei nærmaste åra, inkludert reguleringsplanarbeidet og vidare prosjektering.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen sluttar seg til at allereie løvvde bompengar kan overførast til 2025, som vist i saka.

Sak 82/24 Oppfølging av sak om trafikk og inntekt

Saka er ei oppfølging av sak 72/24 i styringsgruppemøte 5. november. Her kom det fram at trafikken gjennom bomstasjonane i Bypakke Bergen er noko over prognosane i prop. 11s. Samtidig er gjennomsnittstaksten fallande, og var for september 2024 på 11,62 kr., mot 14,77 i proposisjonen (justert til 2024-nivå). Fylkestinget i Vestland har alt vedteke å auke elbiltaksten til 70 prosent av ordinær takst. Bergen kommune har enno ikkje hatt denne saka oppe til politisk behandling.

I styringsgruppemøtet 5. november vart det gjort følgande vedtak:

Styringsgruppa vil arbeide for å vedta eit alternativ som i størst mogleg grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten.

Bergen kommune vil i møtet orientere om status i saka.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering, med eventuelle innspel i møtet

Sak 83/24 Eventuelt, bypakke Bergen